



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	13.06.2013	052/13
Kommunestyre	20.06.2013	063/13

Endeleg vedtak i: Kommunestyre	Arkivsaknr.: 11/1827	Saksansvarleg: Svanhild Mosebakken
-----------------------------------	-------------------------	---------------------------------------

Interkommunalt samarbeid - Eid, Selje og Vågsøy

Rådmannen si innstilling

1. Prosjektmandatet for forstudien vert godkjend slik det går fram av vedlegget.
2. Det skal tilsetjast prosjektleiar i 100 % stilling frå august 2013 til juli 2015. 50 % av stillinga skal finansierast av tilskot frå fylkesmannen, 50 % vert finansiert av kommunane.
3. For 2013 vert Vågsøy kommune sin del av finansieringa, kr 100 000,- teken frå ubundne driftsfond. Vågsøy kommune sin del av finansieringa i 2014 og 2015 vert å innarbeide i økonomiplanen som skal vedtakas primo september 2013.
4. 50 % finansiering frå Fylkesmannen og godkjenning av finansieringsplana i Selje og Eid er ein føresetnad for vedtaket.

13.06.2013 Formannskap

Møtebehandling:

Ingen merknader som foranlediget endringsforslag.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

F-052/13

Vedtak:

1. Prosjektmandatet for forstudien vert godkjend slik det går fram av vedlegget.
2. Det skal tilsetjast prosjektleiar i 100 % stilling frå august 2013 til juli 2015. 50 % av stillinga skal finansierast av tilskot frå fylkesmannen, 50 % vert finansiert av kommunane.
3. For 2013 vert Vågsøy kommune sin del av finansieringa, kr 100 000,- teken frå ubundne driftsfond. Vågsøy kommune sin del av finansieringa i 2014 og 2015 vert å innarbeide i økonomiplanen som skal vedtakas primo september 2013.

4. 50 % finansiering frå Fylkesmannen og godkjenning av finansieringsplana i Selje og Eid er ein føresetnad for vedtaket.

20.06.2013 Kommunestyre

Møtebehandling:

Rådmann Svanhild Mosebakken orienterte.

Votering

Formannskapetets innstilling enstemmig vedtatt.

K-063/13

Vedtak:

1. Prosjektmandatet for forstudien vert godkjend slik det går fram av vedlegget.
2. Det skal tilsetjast prosjektleiar i 100 % stilling frå august 2013 til juli 2015. 50 % av stillinga skal finansierast av tilskot frå fylkesmannen, 50 % vert finansiert av kommunane.
3. For 2013 vert Vågsøy kommune sin del av finansieringa, kr 100 000,- teken frå ubundne driftsfond. Vågsøy kommune sin del av finansieringa i 2014 og 2015 vert å innarbeide i økonomiplanen som skal vedtakas primo september 2013.
4. 50 % finansiering frå Fylkesmannen og godkjenning av finansieringsplana i Selje og Eid er ein føresetnad for vedtaket.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Kommunelovens kapittel 5 og 5A

Bakgrunn for saka

- Godkjenning av prosjektmandat for forstudie.
- Godkjenning av oppretting av prosjektstilling.
- Godkjenning av finansiering.

- Prosjekt 2002/2003 om interkommunalt samarbeid i Nordfjord.
 - Det vart ikkje starta konkrete samarbeid som følgje av dette prosjektet.
- Initiativ frå ordførar i Eid.
 - Ordførar Alfred Bjørlo sendte 05.12.2011 invitasjon til alle kommunane i Nordfjord om å starte eit prosjekt som der fleire interkommunale samarbeid under eitt.
 - Selje og Vågsøy har svart positivt på denne invitasjonen.
- Møte mellom ordførarar og rådmenn på Balsnes gard 18.01.2013.
- Felles formannskapsmøte i Vågsøy 11.04.2013.
 - Ønske om å gå vidare.
 - Lyse ut stilling som prosjektleder.
 - Søke fylkesmannen om midlar.
 - Utarbeide prosjektplan for eit forstudie.

Saksopplysningar / fakta

Selje, Vågsøy og Eid ønskjer å etablere interkommunale samarbeidsløysingar på områder som kan gi betre kvalitet, kompetanse og/eller kostnadseffektivitet enn ved produksjon i sjølvstendig kommunal regi.

Det er fleire kjenneteikn på måloppnåing i eit slikt prosjekt. Ein må føresette at minst et av følgjande kjenneteikn er på plass når ein skal evaluere samarbeida.

- Gjennomsnittskostnadene for tenestene er redusert.
 - Det kan være mulig å ta ut stordriftsfordeler når fleire avdelingar blir til ein.
- Kvaliteten på tenestene vert opplevd som minst like god som tidligare.
 - I mange samarbeid vil betra kvalitet i tenesta vere den viktigaste effekten.
- Det er etablert bærekraftige fagmiljø innan samarbeidsområda som reduserer sårbarhet og bidrar til økt kompetanse blant medarbeidarane.
 - Bærekraftige fagmiljø betyr at avdelinga er i stand til å levere tenester med god kvalitet innan gjeldane budsjetttrammer stabilt over lang tid.
- Samarbeidet vert opplevd som positivt av de tilsette og bidrar til økt trivsel.
 - Det er sjølvstøtt også ein tilsett dimensjon i dette prosjektet. Om dei tilsette opplever samarbeida som positive og dei trives med det de gjør vil ein også lykkast i kvalitetsarbeidet.

Det er lagt opp til tre fasar i dette prosjektet. Dette er først og fremst for å sikre ei skikkeleg politisk forankring. Etter forstudien skal kommunestyra ta stilling til følgjande:

- Prinsipp for lokalisering av dei ulike samarbeida. Inkl. plassering av den enkelte arbeidsplass.
- Skisse til tenestemeny kontora skal tilby.
- Prosjektrapport med anbefaling til plan for gjennomføring av etableringane og framtidig drift av dei felles kontora.
- Rammeavtale for samarbeidet mellom kommunane.
- Rekkefølge for igangsetting av interkommunale samarbeid.

Om kommunestyra ikkje ønskjer å gå vidare etter forstudien kan ein og vedta det.

Det er vidare lagt opp til at det vert utarbeid eit forprosjekt for kvart enkelt samarbeid. Forprosjekta kan vere bygd opp rundt same mal slik at dette vært gjort effektivt.

Etter kvart enkelt forprosjekt skal kommunestyra ta stilling til følgjande:

- Kontorkommune/vertskommune for dei ulike samarbeida.
- Tenestemeny.
- Tenesteytingsavtaler inkl. ansvarsfordeling mellom partane.
- Organisasjonsform for kvart enkelt samarbeid (Kommunelova kapittel 5 og 5A).
- Prosjektrapport med anbefaling til den praktiske gjennomføringa av etableringane og framtidig drift av kontora.
- Samarbeidsavtaler for kvart enkelt samarbeid.

Prosjektet er i forstudiefasen tenkt organisert med prosjektleiar, prosjektansvarleg og styringsgruppe. Sjå prosjektmandat for forstudien. Det vil seinare i prosjektet bli oppnemnt prosjektgruppe og arbeidsgrupper. Prosjektleiar vil utarbeide forslag til dette.

Det er søkt fylkesmannen om fornyingsmidlar. Fylkesmannen finansierer maksimalt 50 % av prosjektet. Dette gir følgjande finansieringsplan:

	2013	2014	2015
Kostnader			
Løn inkl. sosiale kostnader	375 000	750 000	375 000
Kontor/reiser/anna	125 000	250 000	125 000
	500 000	1 000 000	500 000
Finansiering			
Fylkesmannen	250 000	500 000	250 000
Kommunane	250 000	500 000	250 000
	500 000	1 000 000	500 000

<i>Fordeling mellom kommunane</i>	<i>2013</i>	<i>2014</i>	<i>2015</i>
Selje	50 000	100 000	50 000
Vågsøy	100 000	200 000	100 000
Eid	100 000	200 000	100 000
	250 000	500 000	250 000

«Kontor/reiser/anna» skal dekke både kostnader knytt til prosjektleiar utanom lønn og kostnader knytt til møteaktivitet mellom dei tre kommunane både administrativt og politisk. Det er ikkje lagt inn lønskostnader for andre enn prosjektleiar.

Det er viktig å sjå dette prosjektet i samanheng med andre interkommunale prosjekt. Samarbeida som er foreslått er sterkt avhengig av gode IKT-løysingar og eit samarbeid med det nye IKT-driftssenteret er derfor avgjerande. Vidare er det allereie løyvd midlar til prosjekt for å sjå på interkommunalt barnevern. Dette prosjektet vil gå som eit sjølvstendig prosjekt, men samtidig er det viktig å sjekke ut moglege koplingar mellom prosjekta. Vågsøy og Eid har allereie et samarbeid med fylkeskommunen eit samarbeid om felles PP-teneste. Det vil i prosjektet vere naturleg å sjå på å utvide dette samarbeide til Selje. Det vil også vere naturleg å sjå på om dagens organisering med fylkeskommunen som eigar skal vidareførast i eit utvida samarbeid.

Viser elles til prosjektmandatet for forstudien som er vedlagt.

Vurdering / konsekvensar

Det er fleire moglege gevinstar ved interkommunalt samarbeid. Det er viktig å utnytte desse for å styrke kommunane. Moglege gevinstar er mellom anna økonomi, kvalitet, auka samla kompetanse og redusert sårbarhet.

Det er viktig med politisk forankring av prosjektet og det er derfor avgjerande å gjennomføre prosjektet i fleire fasar slik at retninga i prosjektet kan korrigerast under vegs om det vert nødvendig.

Selje, Vågsøy og Eid gjør gjennom dette prosjektet det muleg å ta ut dei potensielle gevinstane IKT-samarbeidet i Nordfjord har lagt til rette for.

Vedlegg:

Dok.nr
114058

Tittel på vedlegg
Prosjektmandat Interkommunalt samarbeid.doc

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	U	05.12.2011	Formannskapet inkl.1. vara 2011-2015,; Kommunestyret inkl. 1.og 2. vara 2011 - 2015	Invitasjon til utvida samarbeid om interkommunale tenester
1	I	05.12.2011	Eid kommune	Invitasjon til utvida samarbeid om interkommunale tenester
3	I	10.04.2013	Eid kommune	Notat til Formannskap - fellesmøte i Vågsøy 11.04.2013
4	I	10.04.2013	Selje kommune	Referat fra felles Formannskapsmøte Selje, Eid og Vågsøy 11.04.2013
5	I	15.04.2013	Selje kommune	Interkommunalt samarbeid Selje-Eid-Vågsøy - Uttale fra formannskapet
8	X	06.06.2013		Prosjektmandat Interkommunalt samarbeid

